

## SAK 17/07    UTTALE, ST.MELD. NR. 12 ”REGIONALE FORTRINN - REGIONAL FRAMTID”

### Saksopplysning

Regjeringa har lagt fram St. meld. nr. 12 (2006 – 2007) Regionale fortrinn – regional framtid, der oppgåvene til dei nye regionane blir foreslått.

Meldinga presenterar også tre alternative modellar for inndeling av det nye regionale folkevalte nivået, der Regjeringa ber om innspel.

Fylkeskommunane har fått ansvar for å legge opp til prosessar og høyringar som sikrar god forankring hjå relevante aktørar; kommunar, nabofylke, regional statsforvaltning, næringsliv og frivillig sektor. Fylkeskommunane er invitert til å fatte vedtak i to omgangar; førebels vedtak innan 30. juni med endeleg vedtak innan 1. desember 2007.

Regjeringa skal leggje fram forslag til regional inndeling for Stortinget våren 2008, og reforma skal setjast i verk frå 1.1.2010.

Høringsfristen for innspel til fylkeskommunen er satt til 31. mai 2007.

I sak 07/07 gjorde Regionrådet for Hallingdal slikt vedtak:

*I samband med uttale til St. meld. nr. 12 (2006 – 2007) Regionale fortrinn – regional framtid, vart desse valt til å førebu uttale frå Regionrådet for Hallingdal.*

- *Ordførar Torleif Dalseide, Ål kommune*
- *Ordførar Oddvar Grøthe, Hemsedal kommune*
- *Varaordførar Harald Aagaard, Hol kommune*
- *Kommunestyrerepresentant Turid Bratli, Hol kommune*
- *Dagleg leiar Regionrådet Knut Arne Gurigard*

*Arbeidsgruppa sitt arbeid skal vera klart til handsaming i Regionrådet 30.3.2007.*

*Hallingtinget skal handsama uttale 4.mai 2007.*

KS har vedteke å vera ein aktiv part og premissleverandør i den pågåande prosessen fram mot gjennomføring av reforma. Som et hjelpemiddel i høyringsarbeidet har KS utarbeida eit eige informasjons- og debatthefte (vedlagt) for kommunane og regionråda i Buskerud, som supplerar det høyringsmateriellet Buskerud fylkeskommune har sendt ut.

### Om St.meld. nr. 12 Regionale fortrinn – regional framtid

Regjeringa legg følgjande mål til grunn for reforma:

- Eit forsterka folkestyre og demokrati på lokalt og regionalt nivå gjennom desentralisering av makt og mynde og klar ansvarsdeling mellom forvaltningsnivåa.
- Ei meir samordna og effektiv offentleg forvaltning ved at ulike sektorar blir sett i samanheng innanfor den enkelte region.
- Verdiskaping og sysselsetting basert på lokale og regionale fortrinn og føresetnader, som sikrar det framtidige grunnlaget for velferda i samfunnet.
- Effektiv ivaretaking av nasjonale mål som for eksempel bærekraftig utvikling, likeverdige tenestetilbod og rettstryggleik for den enkelte.

Stortingsmeldinga har tre hovudtema:

- Oppgåver til regionane
- Val av regionmodell
  - Oppgåver til regionane vil til ein viss grad vera avhengig av om ein vel store eller små regionar.
- Geografisk inndeling for dei nye regionane

Det skal framleis vera 3 forvaltningsnivå i Norge. Modell for mellomnivået er førebels ikkje valgt.

Stortingsmeldinga presenterer tre alternative modeller for oppgaver og inndeling i det nye regionnivået.

- Ein forsterka fylkesmodell med ein regioninndeling som i hovudsak tilsvare dagens fylkesinndeling.
- Ein mellommodell med eit middels tal på regionar (anslagsvis 10-12 regionar). I tillegg til kjerna av oppgåver kan det vurderast å overføre ytterligere oppgåver innan samferdsel.
- Ein regionmodell (5-7 regionar) som i stor grad vil tilsvare ei landsdelsinndeling. I tillegg til kjerna av nye oppgåver kan det være aktuelt å overføre hovudansvaret for Statens vegvesen til regionane. Oppgåver som Norsk kulturråd i dag har ansvaret for kan desentraliserast til institusjonar og/eller overførast til regionalt nivå. Det vil også kunne være aktuelt å vurdere overføring av kjøp av persontrafikk på jernbane for lokale og regionale ruter.

I tillegg er det opna for særskilte vurderingar av organiseringa i Osloregionen.

Ein grunnleggjande premiss for forvaltningsreforma er at den ikkje skal føre til sentralisering innad i regionen.

Regjeringa vurderar *mellommodellen* som lite aktuell, med fleire ulemper enn fordelar.

I meldinga står det:

*Modellen innebærer omfattende inndelingsprosesser, samtidig som utfallet blir regioner med egenskaper som ikke er veldig forskjellige fra regionene i den forsterkede fylkesmodellen. Oppgaveporteføljen vil dermed heller ikke kunne bli mer omfattende, med et mulig unntak for samferdselsoppgaver.*

*Det må imidlertid kunne antas at overføring av oppgaver på samferdselsområdet vil bli så kostnadskrevende både økonomisk og administrativt at en overføring av hoveddelen av Statens vegvesen framstår som mindre aktuelt.*

*Modellen innebærer også en omstrukturering av valgkretsene til stortingsvalg, noe som ikke kreves i de to andre modellene. Med utgangspunkt i disse vurderingene anser regjeringen det som lite hensiktsmessig å legge mellommodellen til grunn for den framtidige inndelingen av det regionale nivået.*

*Både den forsterkede fylkesmodellen og regionmodellen vil kunne være aktuelle ved gjennomføring av forvaltningsreformen. Modellene bærer med seg ulike egenskaper og konsekvenser. Oppgaveporteføljen må veies opp mot konsekvensene av omstillinger.*

*Regjeringens foreløpige vurdering er at det kan overføres betydelige oppgaver uten store geografiske endringer. Regjeringens endelige anbefaling vil bli lagt fram for Stortinget våren 2008 etter at det er gjennomført en bred prosess der blant annet fylkeskommunene selv, i samarbeid med kommunene, skal vurdere valg av modell og regional inndeling.*

Alle oppgåver som fylkeskommunane i dag har ansvaret for, med et mogeleg unntak for tannhelsetenesta er forslått overført til det nye regionale nivået. I tillegg skisserer regjeringa følgjande oppgåver:

- Styrking av den regionale planlegginga som virkemiddel.
- Overføring av ansvar for øvrige riksvegar.

- Eigarskapet til Innovasjon Norge blir delt mellom staten og regionane.
- Oppretting av regionale innovasjonsselskap med hovuddelen av SIVA sine innovasjonsaktivitetar.
- Oppretting av regionale forskingsfond.
- Utval av fylkesmannen sine oppgåver på grunnopplæringsområdet.
- Ansvar for å forvalte alle spelemidlane til kulturbygg,
- Dei fleste av fylkesmannen sine oppgåver på landbruks- og matområdet, med unntak av klagebehandling, kontroll av tilskottsforvaltninga, innsigelse, lovlighetskontroll og enkelte saker med vedtaksmynde.
- Dei fleste av fylkesmannen sine oppgåver på miljøområdet, og som ikkje er knytt til tilsyn, klage, lovlighetskontroll og innsigelse, samt rettleiing knytt til dette.
- Oppgåver innan akvakulturforvaltning.
- Ansvar for drift og finansiering av fagskoleutdanninga
- Eventuelt fleire oppgåver på samferdsels- og kulturområdet dersom det blir få og store regionar.

Regjeringa legg prinsippet om frivilligheit til grunn for inndeling og endringar i regioninndelingane. Vidare er det foreslått at vurderingane av regioninndelingane skal ta utgangspunkt i tre sentrale kriteria:

- Storleik
- Funksjonalitet
- Identitet

## **Arbeidsgruppa sine vurderingar**

### **Forslag til uttale (ikkje endeleg handsama i arbeidsgruppe)**

#### **1. Grunnleggjande prinsipp**

Regionrådet for Hallingdal legg følgjande prinsipp til grunn for forvaltningsreforma, med bakgrunn i at det skal vera 3 forvaltningsnivå i Norge.

- Nærleiksprinsippet. Alle avgjerder skal flyttes så nært innbyggjarane som mogeleg, og takast på lågast mogeleg hensiktsmessige forvaltningsnivå. Ut frå dette må fleire oppgåver flyttast ned på kommunalt nivå.
- Desentralisering. Reforma skal vera ei omfattande desentralisering av oppgåver, ansvar og myndigheit. Reforma skal ikkje føre til sentralisering i regionane, og regionale funksjoner skal spreia i heile regionen.
- Regionreforma må ikkje ha som konsekvens at den overstyrer kommunane i samfunnsutviklinga. Spesielt kan nemnast at kommunane må få eit langt større ansvar for næringsutvikling og stadutvikling.
- For at det skal vera ein demokratireform må fylkesmannembete berre ha ansvar for tilsyn og kontroll
- Vidareføre/styrke prinsippet om at dei faglege, administrative og finansielle ressursar følgjer oppgåvene.
- Generalistkommunep prinsippet skal vidareførast. Kommunane sin rolle i samfunnsutviklinga skal styrkast, og oppgåveoverføring til kommunane må ikkje vera avhengig av kommunestorleik.
- Eit regionalt nivå må vera langt meir tilpassa ei samordning av sektorpolitikken enn det nasjonale nivået. Forvaltningsreforma bør bygge på prinsipp der sentrale målsettingar blir gjennomført gjennom ei regional prioritering. Ein tydelegare

nasjonal overordna politikk skal gje grunnlag for å utvikle ein samordna regional politikk.

- Det er viktig at geografisk differensierte verkemidlar kompensere for ulike vekstfòresetnader på grunn av naturgjevne ulemper. Det må utviklast ein kort veg frå ide til handling, og ei brei overføring av verkemidlane til regionen må derfor gjennomførast.

## **2. Oppgåvefordeling**

### **2.1 Generelt**

Noko av hovudpoenget med regionreforma har vore ei styrking av det regionale nivået og desentralisering av oppgåver, dette har og vore sterkt marknadsført. I forhold til ambisjonane må det dessverre seiast at ”det vart ned som ein skinnfell”.

Nye oppgåver til regionalt nivå er svært beskjedene og det kan sjå ut som lokalt nivå heller mister oppgåver/ansvar i staden for å få overført nye.

I tillegg skisserar Regjeringa nokre aktuelle oppgåver til regionalt nivå på sikt, men dette er står fram som uklart og utan det store engasjementet.

diffust. mildt sagt uklart.

Meldinga blir og svært uklar i forhold tilfaktiske endringar fordi det i stor grad har foreslått oppgåveendringar avhengig av storleik og tal på regionar.

Dermed blir mange sentrale områder hengande i lause lufta og blir avhengig av utfallet av ein frivillig prosess i kommunar og fylker.

### **2.2 Samferdsel**

Regionrådet støttar forslaget om at ansvaret for stamveggar må vera ei statleg oppgåve. og at vegar som bind landsdelar saman (”interregionale funksjoner”) blir vurdert omklassifisert til stamveggar.

### **2.3 Næringsutvikling og innovasjon**

Sjølv om det blir lagt opp til auka regional innverknad på Innovasjon Norge og SIVA, meiner Regionrådet for Hallingdal at prinsippet må vera at regionane overtek strategisk planlegging og ansvar for virkemiddelapparatet  
Innovasjon Noreg sine distriktskontor blir overført til regionane.

### **2.4 Miljøvernområdet:**

Fylkesmannen sitt ansvar for miljø, med unntak av tilsyn og kontroll (klagebehandling og legalitetskontroll og innsigelse ???) må overførast til regionane og samordnast med regionen sitt ansvar for kulturminnevernet. Oppgåver som kan løysast på ein god måte av kommunane skal overførast til kommunane.

Oppgåver som kan løysast på ein god måte av kommunane skal overførast til kommunane.

### **2.5 Landbruk- og matområdet**

Reforma må føre til at dei at dei virkemidla som i dag er styrt av fylkesmannen blir overført til regionane.

Store delar av dagens rovdyrforvaltning kan overførast frå staten, ved fylkesmannen, til regionane.

### **2.6 Vidaregåande opplæring og fagskoleutdanning**

Utdanningspolitisk utviklings- og planleggingsarbeid som fylkeskommunen og fylkesmannen har ansvar for i dag, må samlast i dei folkestyrte regionane.

Regionane skal ha eit heilskapleg ansvar – politisk, fagleg og finansielt – for den vidaregåande opplæringa, slik fylkeskommunen har det i dag.

### 2.7 Høgare utdanning og forskning

Universitet og høgskular må framleis vera ei statleg oppgåve. For å sikre at den høgare utdanninga og forskinga er i samsvar med regionen sine behov, må regionen ha eit medansvar for utviklinga av universitets- og høgskolesektoren.

### 2.8 Kultur

Regionen må få eit mykje sterkare og heilskapleg ansvar – politisk, faglig og finansielt – for kulturpolitikken på regionalt nivå enn det som er foreslått i stortingsmeldinga..

Ressursar og funksjonar som i dag blir ivareteke av ulike statlege organ og som har regionale funksjonar må overførast til regionalt nivå.

Kulturpolitikken i regionen må utformast og gjennomføres i et nært samarbeid med kulturinstitusjonane, organisasjonane – og med kommunane og staten.

### 2.9 Regional planlegging

Eventuell innføring av rettsleg bindande regionale arealplanar er heilt avhengig av eit godt utvikla partnerskap mellom region og kommunane. Samspelet mellom kommunane og regionen må baserast på ei nærare avklart ansvarsfordeling.

Prinsippet må vera at avgjerder skal flyttast så nært innbyggjarane som mogeleg, og takast på lågast mogeleg hensiktsmessige forvaltningsnivå.

**Alternativt:** Regionrådet for Hallingdal er sterkt kritisk til at det nye regionale nivået skal ei form for overkommunal mynde innanfor deler av den framtidige regionale arealplanlegginga.

### 2.10 Spesialhelsetenesta og folkehelsearbeid

Spesialhelsetenesta må få reell demokratisk forankring i dei nye regionane.

Regionane må ha eit særleg samordningsansvar for folkehelsearbeidet på regionalt nivå.

Arbeidet må skje i et nært samarbeid med stat, kommunane og frivillige organisasjonar.

Ressursar til folkehelserådgeving i regional stat må overførast til regionane, med ansvar for å formidle kunnskap og kompetanse.

## 3. Regioninndeling

Organisering i større regioneiningar enn dagens inndeling i fylke må sjåast i samanheng med hovudmålet med reforma – auka folkestyre og desentralisering av mynde til lågast mogeleg forvaltningsnivå. I den samanheng har Regionrådet problem med å sjå at t.d. val til regioneiningane betre kan motivere til val enn dagens val til fylkesting. Regionrådet er redd for at ein faktisk kan redusere lokaldemokratiet framfor å styrke det.

Regionrådet for Hallingdal vil uttrykke sterk skepsis til at dei nye folkevalte landsdelsregionane vil tene distrikta. Det er ingen grunn til å tru at dei nye landsregionane vil skapa sterkare identitet, nærleik og politisk engasjement.

Med dei svært avgrensa nye oppgåvene som er tenkt lagt til dei nye regionane er det vanskeleg å sjå behovet for ein landsdelsmodell.

Regionrådet for Hallingdal går ikkje inn for ein regionmodell (landsdelsmodell).

Ein modell med t.d. Buskerud, Vestfold og Telemark blir sett på som uaktuell både ut frå identitet og funksjonalitet.

Det same ville det vera med t.d. ein ”Region Sør” som dagens vegregion. Geografisk blir dette ein region frå Flekkefjord til Hemsedal. Ein samanslutning som ikkje har noko identitetsmessig fellesskap og som blir vurdert som heilt uaktuell.

**Regionrådet for Hallingdal vil prioritere ein forsterka fylkesmodell med ei regioninndeling som i hovudsak tilsvarer dagens fylkesinndeling.**

Alternativt ynskjer Regionrådet for Hallingdal ei vurdering i forhold til Vestregionen, som i dag er den regionale samarbeidskonstellasjonen med 13 kommunar vest for Oslo. Store delar av Buskerud inklusive Bærum og Asker ville kunne definerast som ein forsterka fylkesmodell. Dette er vil kunne vera ein modell som er framtidretta og positiv for både Hallingdal og Buskerud.

Ål 16.3.2007

Knut Arne Gurigard

Vedlegg:

1. Buskerud fylkeskommune, fylkesutvalet, sak 011/07, Framtidig regional inndeling - høyring
2. Høyringsbrev frå KRD
3. Følgjebrev frå KS Buskerud, vedr. debatthefte
4. KS Buskerud, Informasjons- og debatthefte for kommunane i Buskerud
5. KS Buskerud, Informasjons- og debatthefte for kommunane i Buskerud, ppt. presentasjon

I tillegg ligg kortversjon St. meld. nr. 12 (2006 – 2007) Regionale fortrinn – regional framtid på:

[http://www.regjeringen.no/upload/kilde/krd/prm/2006/0209/ddd/pdfv/300817-kortversjon0120607\\_krd.pdf](http://www.regjeringen.no/upload/kilde/krd/prm/2006/0209/ddd/pdfv/300817-kortversjon0120607_krd.pdf)

Heile St. meld. nr. 12 (2006 – 2007) er her:

<http://www.regjeringen.no/Rpub/STM/20062007/012/PDFS/STM200620070012000DDDPDF.S.pdf>